

Vestland SV
Aslak Owren
vestland@sv.no

Vedtak om formell åtvaring for brot på partilova

Den 11. april 2025 varsla Partilovnemnda Vestland SV om eit mogleg vedtak om enten formell åtvaring eller avkorting fordi partiledet innrapporterte eit bidrag på kr 7 058,- etter fristen fastsett i partilova § 18 fjerde ledd. Ifølgje Partifinansiering.no er bidraget ein del av eit samla bidrag på 21 174 kroner frå Marthe Hammer. Bidraget vart motteke den 12. februar 2025 og først rapportert inn den 8. april 2025, dvs. 27 dagar etter fristen.

I høve til partilova § 18 (4) har politiske parti plikt til å rapportere bidrag over 10 000 kroner frå éin og same givar innan fire veker etter mottak. Dette gjeld for bidrag mottekne frå 1. januar til fredagen før valdagen i valår.

Merknader frå partiledet

I e-post den 25. april 2025 skriv Jarle Brattespe, fylkesleiar i Vestland SV at:

«Partiledet sin rutine for å oppdage overførte bidrag har vore gjennom kontroll av inngåande beløp i nettbanken. Oppgåva med å ha oversikt over kor store beløp som vert overført kvar månad ligg hjå fylkessekretær. I perioden 20. november 2024 - 28. april 2025 har fylkessekretær permisjon, og bemanninga ved partikontoret i Bergen har vore halvvert. Vikarierende fylkessekretær har ikkje vore tilstrekkeleg kjend med denne rutina for rapportering av partiskatt, og at ikkje alle bidrag vert varsla om på andre måtar. Ein har handla i god tru om at alle liknande bidrag vart sendt med dokumentasjon på over e-post, noko som skuldast utilstrekkeleg opplæring. Grunna høgt arbeidspress vart det ikkje oppdaga i tide at Marthe Hammer oversteig grensa for rapporteringspliktig bidrag.

For å bøte på situasjonen har vi tilsett ein vikar for resten av permisjonsperioden. Vi har også gått gjennom rutinane våre og i tilfelle framtidige permisjonar eller endringar i personalet, ser vi behov for grundigare opplæring, skriftleggjing av rutinar og lågare arbeidspress.»

Partilovnemnda sitt syn på saka

Ei av Partilovnemndas oppgåver er å treffe vedtak om forvaltingssanksjon når eit parti eller partiledet har brote reglane i partilova § 18 fjerde ledd. Korrekt innrapportering og publisering av bidrag i valår er viktig for å sikre openheit og gjennomskyttheit etter partilova. Manglande kunnskap om regelverket eller sviktande interne rutinar kan ikkje orsake brot på lova. Det er partiet/partiledet sitt eige ansvar å organisere verksemda si slik at ein er i stand til å følgje reglane.

Det er uomtvisteleg slik at bidraget frå Hammer som vart motteke 12. februar vart innrapportert etter fristen. Nemnda må difor gje Vestland SV ei formell åtvaring. Åtvaringa inneber også ei prøvetid på to år frå tidspunktet vedtaket om åtvaring blir fatta. I prøvetida kan nye brot på partilova eller partilovforskrifta bli sanksjonert strengare enn det som er vanleg for tilsvarande brot, til dømes ved avkorting i partistøtta.

Med heimel i partilova § 24 andre ledd, jf. § 28 og § 18 fjerde ledd, treffer Partilovnemnda følgjande einstemmige vedtak:

E-postadresse:
post@partilovnemnda.no
Internett:
www.partilovnemnda.no

Kontaktperson:
Daniel Giske
Tlf. 22 24 68 73

Postadresse:
Partilovnemnda
Postboks 14
6801 FØRDE

Vedtak

Vestland SV gis formell åtvaring.

Åtvaringa gjeld i to år frå dato på vedtaket.

Det er ikkje klagerett på Partilovnemnda sine vedtak, men saka kan bringast inn for domstolane som kan prøve alle sider av vedtaka nemnda treff, jf. partilova § 28 andre ledd.

For Partilovnemnda

Ragna Aarli
Leiar

Daniel Giske
Sekretariatsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi:

Sosialistisk Venstreparti v/Dag Kühle-Gotovac dag.kuhle-gotovac@sv.no